


# Den gamle skulen på Vikeså

Fortalt av Per Espedal

Det blei bevilga 400kr til fastskule på Vikeså krins 31.3. 1882, og skulen stod ferdig 1884. Til krinsen hørde Vikeså, Svela, Litla Svela, Skjæveland, Vikesdal og Berland.

Villads Sagland var fødd i 1862 på Sagland og blei tilsett som lærar på Vikeså i 1898. Velas, som dei sa, var då gift med Helena. Då han fekk skuleposten, flytta familien inn i skulehuset som stod attmed vegen. Skulehuset bestod av ei skulestove i austre ende og bustad for lærar i vestre ende. Lærarbustaden – to rom nede og to på loftet utan kjellar under. Frå 1902 blei Velas tilsett som postopnar, så då blei og gamleskulen; Vikeså postkontor. Her budde dei til dei fekk sitt eige hus i 1915.



*Skulehuset med kona og barna til fotografen, Villads Sagland, ca. 1908.*

Det nye huset til Villads og Helena stod i Brådet ved sida av Jonas Knutsens kvernhus. Helsemessig var ikkje Velas så god dei siste åra han skulte. Lærar Vik var vikar til Norvald Espedal fekk stillinga 1.4, 1923. Alfred Birkeland leigde husrommet i skulen nokre år og så lærar Vik. Her flytta lærar Espedal inn då han kom til bygda i -23 Det var kaldt husrom, fortel Jonas Skjæveland, og Espedal måtte be om ein betre omn. Dette ordna krinsformann Klaus Birkrem.

Det kom forslag om nytt skulehus på Vikeså. Særleg var leikeplassen dårleg. I friminutta leika dei seg på vegen som gjekk forbi skulen, dette var før bilen si tid, men med aukande trafikk

gjekk ikkje det. Skulehuset stod ferdig i 1926 og med stor leikeplass for ungane. Det var to skulestover, inngang og eit lite materialrom. Vedaskut med utedo. Kjellaretasjen bestod av to rom, sløydsal og eit oppbevaringsrom. På regnversdagar og når elevane heldt gøyemeleikar, var skuten ein god plass å vera. I denne tida før bedehuset blei bygd i 1939, blei det halde møter, basarar, årsmøter for foreningar og lag. Vikeså Forbrukslag, Vikeså ysteri og bondelag hadde sine samankomster her.

Skulehuset hadde ikkje innlagt vatn. Det var berre ei vasspumpe i kjellaren der ein kunne henta kaldt vatn. Vatn blei innlagt i 1950, med drikkefontene og varmvassbeholdar. Drikkefontenen var særst velkommen for elevane, køen var lang etter varme friminutt!

Under krigen blei loftet nytta til innleverte radioar, og i slutten av krigen, særleg frå hausten 1944, tok tyskarane skulehuset i bruk, og lærar og elevar måtte flytta over i bedehuset. Tyskarar som budde på skulen, vaska seg i Litlå om morgonen, og ein kunne sjå dei med bar overkropp og handklede rundt halsen kalde vintermorgonar.

Rassiaen i slutten av 1944 førte til mange arrestasjonar i Øvrebygda. Skulehuset blei brukt som samlingsplass for bjerkreimsfangar før dei blei førde vidare til Stavanger. Me ungane stod utanfor skulegarden og såg på den tyske soldaten med maskinpistol som patroljerte i skulegarden. Iblant kom det personar som var tekne til fangar, ut frå skulehuset som skulle på utedoa. Desse hadde og ei vakt med gevær med seg. Utedodøra måtte og stå oppe slik at den tyske vakta hadde kontrollen.

Barnetalet auka i krinsen, og då det først blei vanleg med frivilleg- og seinare tvungen framhaldskule, blei skulehuset forlite. I 1949 blei stova mot vest utvida med 6 m. Her blei det då plass til skuleklassar, framhaldskule og Vinterlandbrukskule år om anna. Bak i rommet var det skapplass langs med heile veggjen, og her flytta Bjerkreim Folkebibliotek inn. Kvar måndagkveld hadde Jørgen Skjæveland ope for utlån.



*Skulen med dei store grantrea, bedehuset heilt t.v. Foto: Ukjent, 1955.*

Leikeplassen ved Vikeså skule var stor og god. Her slo vi ball, eller bomma og gøyemde oss. Å kasta steinen or ringen var populært. Vi hadde ein ring midt på plassen og ein passe stor stein. Så skulle ein elev kasta steinen og seia eit namn. Den som blei nemnt, måtte så springa og henta steinen å leggja han i ringen, medan dei andre gøyemde seg. Skuten og doene var gode gøymestader.

Elles var det så ulike ting vi leika oss med. Å slå ball, hoppa paradís, tikka på streken eller å klatra i dei store granane som stod framføre inngangen. Dei kunne vera vanskelege å kom oppi for dei første greinene stod høgt oppe. Det har vorte spikra nokre trinn til hjelp i desse granleggene!

Vinterstid leika vi oss i snøen, og var det kjelkeføre, rann vi i Brådet . Friminutta var høgdepunktet, og eg kan ikkje minnst anna enn at vi leika godt i saman. Når vi skulle inn til time, hadde vi ikkje nokon klokke som ringde, Espedal var så god til å blåsa mellom fingrane slik at vi hørde det på lang avstand. Vår- friminutta kunne bli litt lange, og varme og sveitte kom vi til drikkefontenekøen.

Når 17-mai feiringa var på Vikeså, samlast vi i skulegarden middagstid. Her var det 17. maitog. Turen gjekk til Gamlaheimen. I spissen gjekk musikkorpset frå Egersund og Knut Vassbø bar alltid flagget. På skuleplassen var det tale for dagen og ulike moroinnslag. Alle hugsar når Jørgen Skjæveland spela Dyre Våå. Elles var det leikar og stafett og eit lenger terrengløp for dei vaksne.

I slutten av femtiåra kom det krav om betre skular, timetalet blei utvida og kroppsøving måtte alle få inn i faste former. På Bjerkreim stod nyskulen ferdig i 1961- med gym.sal, den første i Bjerkreim. Rundt om i kommunane i Rogaland hadde dei begynt å innføra 9- årig skule. Hå kommune t.d. starta opp hausten 1962. I Bjerkreim begynte ein og å tenkja på dette. Først kom striden om kor skulen skulle liggja. «Dei bjerkrei» ville ha han på Bjerkreim, mens «dei vedjeså» ville ha han på Vikeså, sjølv sagt. Dette blei avgjort - skulen skulle liggja på Vikeså, ca. 2mil til Veen og det same til Hetland og Tengesdal- altså sentralt midt i bygda.

Så kom problemet, kor skal skulen liggja på Vikeså? Den gamle skuleplassen var mykje forliten. I første omgang ville ikkje Petter selja plassen på Tenjevollen, kor skulen ligg i dag. Og kommunen ville ikkje ekspropria grunnen. Dei som arbeidde med saka kom fram til to alternativ – Utstillingsplassen (oppe ved Hompen) eller Midleidet (nedanfor Bjerkreimshallen). I siste liten gav Petter etter og kommunen fekk kjøpt grunnen. Ein kan seia at skulen idag ligg sentralt og på ein fin plass! Så kom ein i gang med grunnarbeid 1965 og skulen stod ferdig i 1967. Den 28.11 1966 var det avslutningsfest på Vikeså bedehus for Norvald Espedal. Han hadde då fylt 67 år og hadde då vore lærar i krinsen i 43 år - for det meste i den same skulestova.

Det gamla skulehuset blei nytta litt til gym og anna lagsarbeid, bl.a. støypte dei plasbåtar her. Skuten og doene gjekk te i en brann og skada den næraste skulestova , så ut i syttiåra blei huset rive av Kåre Merkesdal, og han nytta det som kunne brukast. Tønnes Vikeså fekk overta jorda, men grantrea blei ståande, og 17.3 08 saga Paul Svela trea. På årringane kan du rekna at trea var ca 110 år gamle.



*Her forsvinn siste rest frå den gamle skulen. Foto: Per Espedal*

## Vikeså Skule 1920



*Framme f.v.: Sigurd Vikesdal, Einar Holm, Gunnar Holm, Margit Vikesdal, Borghild Sveta, Inga Vikeså, Anna Holm, Marta Skjæveland.*

*Bak f.v.: Sven G. Skjæveland, Ola Vikesdal, Magnus Hegelstad, Karli Skjæveland.*

*Bildet er tatt framfor skulehuset som stod attmed vegen. Lærer Vik.*

## Vikeså Skule 1922/23



*Fra venstre: Agnes Vikeså, Gudrun Skjæveland, Margit Hegelstad, Karli Vikesdal, Berte Malene Gjedrem, Anna Holm, Ola Skjæveland, Olai Sveta, Jonas Vikeså (Jonas i Myrå), Sigurd Sveta, Petter Vikeså, Magnus Skjæveland, Nikolai Vikeså, Sven Simmer Vikeså og Sigurd Vikesdal. Ho som står bak og som vi bare skimter heitte truleg Anna Olava Netland.*

*I dei tidene begynte skuleåret 1. april. Læreren, Norvald Espedal blei tilsett ved Vikeså skule 1.4.-23. Han har skrive under protokollen 26.4. -23. Norvald begynte i Forsand i august -22. Så kom han til Vikeså og var meir eller mindre i same klasserom til han gjekk av i 1966.*

*Det gamle skulehuset på Vikeså fra 1884 (første fastskulen) stod heilt med vegen. Leikeplassen for skuleelevane var vegen. Her står elevane på vegen.*

## Vikeså Skule, elever og lærer på trappa 1942/43



*Framme f.v.: Gerd Espedal, Sigrun Vikeså, Svanaug Carlsen, Hallbjørg Skjæveland, Ingveig Sveta, Reidun Sveta, Erna Sveta. 2. rekke f.v.: Torger Vikesdal, Kåre Gåsland, lærar Norvald Espedal, Thelmer Skjæveland, Toralv Birkeland. 3. rekke f.v.: Amund Birkeland, Torleiv Bjordal, Ottar Skjæveland, Alf Sveta, Leif Høyland, Gunvald Helland. Biletet er tatt på trappa inn til klasseromma.*

## Vikeså Skule, skuleåret 1943/44



*Fra venstre: Erna Sveta, Ingveig Sveta, Svanaug Carlsen, Reidun Sveta, Sigrun Vikeså, Hallbjørg Skjæveland, Toralv Birkeland, Marton Vikeså, Kåre Gåsland, Amund Birkeland, Thelmer Skjæveland, Yngvar Osland, Torger Vikesdal, Ottar Skjæveland, Alf Sveta, Leif Høyland, Gunvald Helland. Lærar Norvald Espedal.*

## Vikeså Skule, med bygninger i 1943/44



*Fra venstre: Gunvald Helland, Thelmer Skjæveland, Torger Vikesdal, Kåre Gåsland, Reidun Svela, Sigrun Vikeså, Marton Vikeså, Svanaug Carlsen, Erna Svela, Ingveig Svela, Hallbjørg Skjæveland, Bak f. v.: Alf Svela, Ottar Skjæveland, Leif Høyland, Amund Birkeland, Yngvar Osland, Toralv Birkeland. Her ser du skulehuset før det blei påbygd med 6 meter i 1949, Vedhus og do framme. Bedehuset til høgre, som blei bygd i 1939. Dette og forrige bilde er tatt same dagen.*

## Vikeså Skule, storskulen 1945/46



*Fra venstre: Margrete Helland, Solveig Ødegård, Ingebjørg Alvsåker, Serina Vikesdal, Herlaug Svela, Mary Svela, Magna Skjæveland, Tenny Gjerstad, Per Risa, Ragnvald Bjordal, Ottar Gjerstad, Torleif Carlsen, Arne Høyland. Lærer: Norvald Espedal. Biletet er tatt i skulegarden, Skulehuset blei flytta frå vegen i 1925/26.*

\*

Aaland Gård, januar 2012  
Paul Tengesdal